

**Søknad om dispensasjon frå PBL 1-8 forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.**

Gjeld riving og oppattbyggjing av «Vaskehuset» i Klesvika.

Vaskehuset i Klesvika høyrde til lensmannsgarden Solhaug. Det består/bestod av eitt rom med murt teglsteinsovn, og eit loft.

Det er seinare bygd eit tilbygg som lagringsplass for båtar. Men restane av dette tilbygget er berre tenkt fjerna og ikkje oppattbygd.

Bygget som står i dag er ikkje så gammalt, kanskje frå 1920-30 talet. Det har likevel stor kulturminneverdi fordi det truleg er det einaste av sitt slag i kommunen. Samstundes dokumenterer bygget historia omkring preste og lensmannsgarden.

Vaskehuset i Klesvika er ferd med å detta saman, og utgjer ein fare for dei ferdane i området. Me har vurdert rehabilitering, men vurderer tilstanden til så dårleg at einaste løysing er å riva ned bygget og så settje opp att eit tilsvarande bygg med nøyaktig same byggjemål som i dag.

Bygget vil kunne nyttast til mellom anna lagring av kajakkar, kanoar og redningsvestar m.m. Dette er ein fasilitet som vert etterspurt av Radøy ungdomsklubb og Radøy ungdomsskule.

**Fordelar**

Med å føra opp att ein kopi av eksisterande bygning vil ein oppretthalda litt av historia omkring vaskehuset og samstundes ivareta kulturverdien. Det vil også vera nyttig å la ungdomsklubben og ungdomsskulen bruke huset og på den måten skape aktivitet. Dette vil truleg også vera ein fin måte å ta vare på og sjå til at huset vert vedlikehalde for framtida.

Der er god tilkomst til huset og bygget er ikkje til hinder for naboar eller omgjevnanden elles. Tiltaket ligg i eit offentleg frilufstområde eigd av Radøy kommune, og vil ikkje koma i høve omsynet til landskapet. Kulturlandskapet vil heller ikkje verta endra då grunnmur og byggjegrop vert uendra.

Tiltaket som skal utførast kan seiast å vera av mindre karakter, og vil framstå i form og storleik slik det vart oppført på 1920-30-talet.

**Ulemper**

Tap av huset vil vera tap av historie og kulturminne knytt til utviklinga på Manger. Smstundes vil det vera ugunstig og eit tap å ikkje nyttigjera seg av dei moglegheiter ein har ved å å leggje til rette for ungdomsaktivitetane som nemnd over.

Vå konklusjon vil difor vera at fordelane med å gje dispensasjon vil vera betydeleg større ein ulempene.

Manger 16.09.2014

Mvh

Einar Færø